



Fungerande rådmann Hallgeir Leirvik orienterte Torfinn om Kolvareid og Nærøy då han besøkte Noregs minste by. (Foto: Morten Wengstad, Ytringen)

**Den svært reiseglade Torfinn Myklebust, tidlegare journalist og lærar og noverande politkar og quiz-ekspert, har passert eit viktig delmål: Uskedelingen har besøkt alle byane i Sør-Noreg.**

Etter at han for nokre dagar sidan var innom den minste av dei, Kolvareid, og i tillegg nabobyen Namsos, harhan berre att tre byar i Nord-Noreg før samlelista hans for heile landet er komplett. Det er Hammerfest, Finnsnes og Vardø. Dit drar han ikkje i år, men det er nærliggjande å ta ein samleferd med hurtigruta seinare. Kolvareid hadde i fjor 1509 innbyggjarar og er administrasjonssentrum for Nærøy kommune lengst nord i Nord-Trøndelag.

Men det stoppar ikkje med Noreg for Torfinn – heile verda er hans samle-arena. Frå før har han besøkt alle 53 hovudstadane i Europa. Han har vore i 14 av dei 16 tidlegare sovjetstatane og har no starta samlinga av byar i Sør-Amerika og Afrika. No har Torfinn halde på med den spesielle samlinga si i rundt rekna 40 år. Han plar å gjera unna 4-5 utanlandsferder i året.

Under besøket i Kolvareid vart han ikkje overraskande ofra stor merksemd i lokalavisa Ytringen. Der vart han mellom anna spurdt om favorittby og svara Skudeneshavn og Bergen.

Den finaste bygningen han har sett er Taj Mahal i Agra i India men også Egypt gjorde inntrykk.

Av Ola Matti Mathisen



På Kolvereid møtte Torfinn ordfører Steinar Aspli. (Foto: Morten Wengstad, Ytringen)